

Sentrumsnær tur i spennande skogsterreng


Fin skogstur for store og små. Parker bilen på Torget, og ta snarvegen som går forbi lensmannskontoret til Trolldalsvegen. I enden av vegen finn du eit skilt til «Trolldalen». Stigen er noko bratt i starten, men etter nokre hundre meter deler den seg i to. Du skal nå følgje stigen som går til høgre.

Stigen er godt merka med raud farge og blåe band, så den er enkel å følgje. Turen går i lett kupert men også spennande terreng austover. Etter omlag 600 meter, då stigen deler seg, kan du velje stigen som går ned mot Berglivegen. Du kjem då til snarvegen mellom

Berglivegen og Gamlevegen. Når du kjem ned på Gamlevegen følgjer du vegen til høgre tilbake til sentrum.

Ynskjer du ein lengre tur, følgjer du stigen vidare austover. Då tek det ikkje lang tid før du kjem til Ål Klatreklubb sitt klatrefelt i Sundreberget. Her står det ein benk der du kan ta deg ein pust i bakken. Følg så stigen vidare til du kjem ned ved vegkrysset Sundrehagavegen/ Berglivegen. Følg Sundrehagavegen, ned til Gamlevegen, tilbake til sentrum.

Denne turen kan du kombinere med tur 5.2. Sundreberget.








For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000



Foto: Ål Turistinformasjon



Foto: Ål Turistinformasjon

-  Start ved torget på Sundre.
-  Torget.
-  Ca 3 km. 480 – 545 moh.
Tid: Omlag ein time
-  Gamle steinsatte ferdselsvegar.
-  Variert og lett kupert stig i skogsterreng.

